



Notat

Dato: 16.11.2018
Arkivsak: 2018/16671-2
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Henvendelse vedrørende saka «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar

Fylkesutvalet fatta 19. 9.18 i sak PS-239/18 «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar» vedtak om:

«Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som arbeidsgruppa har gitt i rapporten «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar», slik det går fram av saka her.

Retningsliner vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevar med omfattande psykiske vanskar vert ivaretekne m.a. ved at tilbodet vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.

Den lokale inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak for elevar med omfattande psykiske vanskar skjer sentralt, med unnatak av elevar som får opplæring etter oppl.love § 13-3 a.»

Fylkesrådmannen og medlemmer av Utval for opplæring og helse mottok 19. oktober eit brev frå dei tilsette ved Bergen katedralskole avdeling Kyrre der det vert gitt uttrykk for misnøye med at saka om framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar ikkje konkluderer om tilbodet til elevane ved avd. Kyrre.

Lokala til avd. Kyrre

Lokala som avd. Kyrre disponerer i Øvregaten, er ikkje tenlege for undervisning. Lokala er gamle, og dei har ikkje helseverngodkjenning. I sak PS- 95/17 i fylkesutvalet 04.05.17 fremma difor fylkesrådmannen forslag om å flytte aktiviteten ved avd. Kyrre til Solheimsgaten. Dette framlegget vart ikkje vedteke. Samstundes vart det vedteke at det skulle gjerast ei utgreiing av opplæringstilbodet for elevar med psykiske vanskar. For å sikre forsvarleg drift i Øvregaten gjorde eigedomsavdelinga naudsynte oppgraderingar slik at lokala kunne nyttast i 1-2 år til.

Vidare arbeid

I sak PS-239/18 vert det konkludert med at framtidig tilbod bør utviklast vidare slik at:

- Elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle utdanningsprogram.
- Elevane i større grad får tilbod nærmare eigen bustad (ikkje geografisk avhengig av om du får tilbod) – tilbod for grupper ved fleire skular
- Tilboda er sterkare knytt til dei vidaregåande skulane i HFK

- der ein styrkar kompetanse og rammer for tilrettelegging og inkludering
- der enkelte skular vert utvikla som «baseskular» (omgrepet er nytta i sak om oppretting og evaluering av psykologteamet)
- der det vert organisert eit forpliktande samarbeid/nettverk mellom avdelingar/skular som har spesielt tilrettelagte tilbod, og mellom skulane og skuleeigar. Samarbeidet skal sikre gode og fleksible tilbod for elevane etter lov og forskrift.

Når det gjeld avd. Kyrre, har fylkesrådmannen sett i gang eit arbeid for å finne eigna lokale både på kort sikt og på lang sikt. Ulike alternativ vert vurdert i dialog med Bergen Katedralskole.

På kort sikt er det mest aktuelt å finne eit eigna leigeareal i Bergen med sikte på flytting ved årsskiftet 2019/2020. Alternativt er det mogleg for avd. Kyrre å halde fram i Øvregaten i ytterlegare 1 – 2 år.

Fylkesrådmannen arbeider vidare med kartlegging av det langsiktige behovet for undervisningstilbod til elevgruppa. I kartlegginga vil fylkesrådmannen vurdere:

1. Dimensjoneringa på tilbodet.
2. Om det finst kapasitet i eksisterande fylkeskommunale skulebygg eller om det er naudsynt å finne anna eigna lokale, t.d leigelokale.
3. Korleis det er tenleg å organisere tilbod innan alle utdanningsprogram for dei såkalla nivå 3-elevane, skjerma tilbod ein eller fleire stader i fylket.

Øvrige vedtakspunkt i PS –sak 239/18 vert og følgt opp. Mellom anna vert det gjort tilpasningar slik at elevane ved avd. Kyrre og elevane ved Kvinnherad vgs avd. Valekrossen skal søkje om inntak til 1. februar.